

Får bygga 250 meter skogsveg

10.07.2009

Thomas Eide på Haugland har no fått løyve av kommunen til å bygga 250 meter skogsveg i vegklasse 8. Namnet på vegen er Hauglandslia traktorveg nummer 9.

Arbeidet skal vera avslutta innan to år frå no, massetak og skjeringar skal pussast til i samsvar med normalar for landbruksvegar og fylkeskonservator skal varslast dersom det vert funne fornminne.

Den omsøkte arealbruken er i samsvar med kommunedelplan, heiter det i grunnlaget for løyvet. Det ligg ikkje føre protestar frå naboar og gjenboarar. Avkøyrsløse til offentleg veg er ikkje aktuelt.